



Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/308 - 15/229

Saksbehandlar:
Anne Kristin Rafoss
anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Dato:
14.01.2015

Melding om politisk vedtak - Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019 - vedteken plan

Masfjorden kommunestyre har den 30.10.2014 som sak 062/2014 vedteke Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 – 2019. Vedtak m saksutgreiing finn de vedlagt. Plandokumentet og andre dokument i saka kan lesast på kommunen sitt digitale planarkiv <http://braplan.geoweb.no/braplan> der trafikksikringsplanen har ID 126620130002

Med helsing

Anne Kristin Rafoss
rådgjevar

Andre mottakere:

Ivar Haukeland
Risnes idrettslag v/Vidar Sleire Tistel
FAU Nordbygda skule v/Kamilla Haukeland
Tove Kristin Sleire Tistel
Solveig Grimsland/Tore Trodal
Odd Sverre Næss
Barnas representant i plansaker
Hordaland Fylkeskommune
Statens vegvesen region vest

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
098/2014	Formannskapet	20.10.2014
062/2014	Kommunestyret	30.10.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Anne Kristin Rafoss	FE - 140, FE - 144, HistSak - 13/321	14/308

Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019 - vedtak av plan

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf § 11-14 vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015-2019 vedteken slik han ligg føre.

Masfjorden kommune oversender innkomen merknad som gjeld Trodalskrysset til Statens vegvesen.

Masfjorden kommune oversender innkomne merknader som gjeld vegvedlikehald og utbetringar på fv 570 i Nordbygda til fylkeskommunen. Masfjorden kommune ber og om at fv 570 Duesund – Gulen grense vert del av det overordna vegnettet basert på fakta kartlagt gjennom trafikksikringsarbeidet.

Formannskapet - 098/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

FS - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf § 11-14 vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015-2019 vedteken slik han ligg føre.

Masfjorden kommune oversender innkomen merknad som gjeld Trodalskrysset til Statens

vegvesen.

Masfjorden kommune oversender innkomne merknader som gjeld vegvedlikehald og utbetringar på fv 570 i Nordbygda til fylkeskommunen. Masfjorden kommune ber og om at fv 570 Duesund – Gulen grense vert del av det overordna vegnettet basert på fakta kartlagt gjennom trafikksikringsarbeidet.

Kommunestyret - 062/2014

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15, jf § 11-14 vert Trafikksikringsplanen for Masfjorden kommune 2015-2019 vedteken slik han ligg føre.

Masfjorden kommune oversender innkomen merknad som gjeld Trodalskrysset til Statens vegvesen.

Masfjorden kommune oversender innkomne merknader som gjeld vegvedlikehald og utbetringar på fv 570 i Nordbygda til fylkeskommunen. Masfjorden kommune ber og om at fv 570 Duesund – Gulen grense vert del av det overordna vegnettet basert på fakta kartlagt gjennom trafikksikringsarbeidet.

Vedlegg

Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015 - 2019

Vedlegg 1 - Status trafikksikringsplan 2000-2003

Vedlegg 2 - Oppsummering av merknader til oppstartasvedtak TS-planen

Vedlegg 3 - Oppsummering arbeidsmøte m politi vegvesen og formannskap 13 mai

Underliggende saker:

Bakgrunn

Det er behov for å revidere (endre) gjeldane Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune. Oppdatert plan er ein føresetnad for å få støtte til trafikksikringstiltak i kommunen. Gjeldande Trafikksikringsplan (TS-plan) for Masfjorden kommune år 2000 – 2003 vart vedteke av

kommunestyret den 30.11.2000 som sak 119/00. Denne planen er å sjå på som utdatert og kan ikkje lenger nyttast som heimel for å søke om medfinansiering for identifiserte tiltak i planen. Dessutan har det kome opp fleire moment som burde vore analysert etter at TS-planen vart vedteken.

Masfjorden kommune vedtok kommunedelplanen 31.05.2012. I samfunnsdelen er utarbeiding av TS-plan for kommunen lista som hovudtiltak under delmål 1, kommunal veg (side 62). Dette er tatt vidare i planstrategidokumentet som vart vedteke i kommunestyret 30.10.2012 der utarbeiding av TS-plan er lista som pkt 4 under overskrifta Lokalsamfunnsutvikling, folketalsauke og bustadbygging.

Det vart meldt oppstart av planarbeidet etter vedtak i kommunestyret den 12.06.2013. Det vart gjort følgjande vedtak:

Arbeidet med trafikkisikringsplanen for Masfjorden kommune 2013-2025 vert starta opp. Trafikkisikringsplanen er heimlal i vedteken planstrategi, og kommuneplanen for Masfjorden kommune, samfunnsdelen og planskildringa. Trafikkisikringsplanen vert utarbeidd som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova §11-1, 3.ledd.

Arbeidet vert organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe nedsett av rådmannen saman med ekstern konsulent. Leiargruppa i kommunen vert referansegruppe.

Framlegg til Trafikkisikringsplan for Masfjorden kommune 2015-2019 vart vedteke sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i formannskapet den 10.06.2014 som sak 042/2014. Det kom inn 7 merknader til høyringsframlegget .

Høyring

Solveig Grimsland / Tore Trodal

Solveig Grimsland og Tore Trodal ønskjer at kryssing av E39 ved Trodalen vert prioritert i trafikkisikringsplanen (handlingsplanen). Dei ønskjer og at det vert utarbeidd reguleringsplan eventuelt at ein av reguleringsplanane for Matre eller Haugsvær vert utvida til og å ta med krysset i Trodalen.

Rådmann sin kommentar

E39 er stamveg og kommunen sit ikkje på nøkkelen til å få oppgradert Trodalskrysset til eit planfritt kryss. Kommunen kan berre vere ein pådrivar – både administrativt og politisk - til å få oppgradering av dette krysset prioritert i nasjonale og regionale transportplanar.

Kjem det eit krav om reguleringsplan for dette krysset frå Statens vegvesen, vil kommunen starte planprosessen. Men sidan reguleringsplanar heimla i plan- og bygningslova frå 2008 berre har ei levetid på 5 år viss ikkje tiltaket er starta opp eller etablert innan den tid, ønskjer rådmannen ikkje å starte planprosessen før det er lovnader om konkrete løyvingar til prosjektet.

Merknaden frå Solveig Grimsland og Tore Trodal vert oversendt Statens vegvesen som vegeigar for stamvegen.

Statens vegvesen

Statens vegvesen har ikkje merknader til handlingsplanen for 2015, men peiker på at tiltak på riksveg- og fylkesvegnettet er avhengig av konkrete løyvingar.

Tove Kristin Sleire Tistel

Tove Kristin Sleire Tistel skriv av tiltaket *gjennomgang av sideterreng – med fokus på sikt knytt til det som vert opplevd som «Grøne tunnelar»* må prioriterast høgt i trafikkisikringsplanen (handlingsplanen). Ho ønskjer og at dette tiltaket vert gjennomført både med tilskotsordningar og ved hjelp av eige mannskap samt frivillige lag og organisasjonar.

Sleire Tistel nemner og konkrete strekk der ho peiker på dårleg sikring mot sideterreng og ønskjer at tiltaket *gjennomgang av sideterreng – med fokus på å redusere skadeomfang ved eventuell utforkøyring* vert høgt prioritert i trafikkisikringsplanen.

Vidare skriv Sleire Tistel at trafikkisikringsplanen må synleggjere korleis kommunen ønskjer parkering og biltrafikk kring kommunale anlegg som idrettsanlegget i Nordbygda. Ho ønskjer og at det vert lagt til rette for tilskodar plass / tilskodarbenk med eit mindre planert område ved ned køyringa til idrettsanlegget.

Rådmann sin kommentar

Gjennomgang av sideterreng står ikkje på handlingsplanen for 2015 som vart sendt på høyring. Rådmannen er einig i at dette er eit viktige tiltak å kome i gang med og vonar desse tiltaka kjem på handlingsplanen for 2016.

Rådmannen har valt å legge inn plan for parkering rundt offentlege bygg og anlegg som eit tiltak i trafikkisikringsplanen og ikkje diskutere og planlegge i detalj optimal parkeringsplan for kvart bygg / anlegg i planen.

Ideen med ein tilskodar plass / tilskodarbenk ved nedkøyninga til idrettsanlegg meiner rådmannen er god og ønskjer å ta denne med til planen for idrett og fysisk aktivitet som snart skal reviderast.

Merknaden frå Tove Kristin Sleire Tistel vert oversendt fylkeskommunen som vegeigar for fylkesvegane.

FAU Nordbygda skule

FAU Nordbygda skule skriv at det er eit stort behov for gangfelt og fartsreducerande tiltak over fv 570 ved Nordbygda skule. FAU ønskjer seg oppbygd fotgjengarovergang i dette området.

FAU ved Nordbygda skule skriv vidare at dei prioriterer lyssetting i Hostelandstunnelen då kvitmåling vil gje kortvaring og ufullstendig tryggleik for mjuke trafikantar.

FAU nemner og konkrete strekk der dei peiker på dårleg vedlikehald når det gjeld asfalt og rekkverk samt eit strekke der det er fare for steinsprang og ønskjer at desse vert med i trafikkisikringsplanen.

Rådmann sin kommentar

Tiltaket *planlegge sikker kryssing av fv 570* er med i trafikkisikringsplanen og er sett opp på handlingsplanen for 2015.

Tiltaket *lys i tunnelane på fylkesvegnettet* er med i trafikkisikringsplanen. Å få etablert dette tiltaket vil – ut i frå erfaring - ta mange år difor er det kortsiktige tiltaket *kvite tunnelar* sett opp på handlingsplanen for 2015.

Trafikkisikringsplanen drøftar ikkje rutinemessig vegvedlikehald, asfaltering og brøyting (jf side 3 i planen) men merknaden frå FAU Nordbygda skule vert oversendt fylkeskommunen som vegeigar for

fylkesvegane.

Risnes IL v/Vidar Sleire Tistel

Risnes IL skriv at det er avgjerande for dei mjuke trafikantane å kunne ferdast trygt gjennom ein tunnel der det er tilstrekkeleg belysning og eit vegdekke som er heilt og jamt. Slik er det ikkje i Hostelandstunnelen. Forholda vert betre med kvitmåling, men lyspunkt må på plass og ei eventuell utviding av tunnelen for å auke høgde og sikkerheten bør vere med i trafikksikringsplanen.

Risnes IL skriv vidare at det er i utfordring med parkeringstilhøva rundt idrettsanlegget I Nordbygda. Alt for mange køyrer ned på sjølve området og parkerer mellom kunstgrasbana og grasbana. Dette betyr at dei køyrer tett forbi klubbhuset på veg til og frå slik parkering. Det har etablert seg ein kultur for parkering på dette området som ikkje samsvarer med at området er for born og unge i leik og aktivitet. Idrettslaget minner om at parkeringsarealet er stort og godt ved skuleområdet.

Rådmann sin kommentar

Tiltaket *lys i tunnelane på fylkesvegnettet* er med i trafikksikringsplanen. Å få etablert dette tiltaket vil – ut i frå erfaring - ta mange år og difor er det kortsiktige tiltaket *kvite tunnelar* sett opp på handlingsplanen for 2015.

Skildringa av parkeringsproblematikken nede ved idrettsbana er revidert med opplysningane frå Risnes IL og tiltaket knytt til denne problematikken er utvida til og å ta med skilting med parkering forbode på nokon av stadane der det i dag er etablert ein kultur for parkering IL (side 28 i trafikksikringsplanen).

Merknaden frå Risnes IL vert oversendt fylkeskommunen som vegeigar for fylkesvegane inkludert Hostelandstunnelen.

Ivar Haukeland

Ivar Haukeland skriv at han saknar omtale av alkolås i trafikksikringsplanen.

Rådmann sin kommentar

Følgjande setning er innarbeid i trafikksikringsplanen side 26:

Masfjorden kommune støttar det arbeidet Trafikksikkerhetsseksjon hjå Statens vegvesen jobbar med når det gjeld installering av alkolås i yrkestransporten og særleg i samband med skuletransport.

Odd Sverre Næss

Odd Sverre Næss ber om at det vert utført vedlikehaldsarbeid på bru kommuneveg Molland

Næss ber og om noverande 60 km/t sona ved Nordbygda skule vert forlenga til kryss Mollandseidet. Han skriv og at det er trong for lys i busstopp Molland og kryss busstopp Mollandseidet.

Rådmann sin kommentar

Trafikksikringsplanen drøftar ikkje rutinemessig vegvedlikehald, asfaltering og brøyting (jf side 3 i planen). Innspelet med bildedokumentasjon er overlevert til teknisk etat.

Tiltaket *gjennomgang av fartsgrensenivå knytt til ÅDT og randbebyggelse langs fylkesvegane* er med i trafikksikringsplanen og lista i handlingsplanen for 2015.

Einslege lys på busskur kan gjere det vanskeleg å oppdage gåande på veg fram mot busstoppet. Det er difor tilrådd at ein set opp fleire lys i rekke. Dette vert vurdert i kvart tilfelle etter eigen konkret

søknad frå private eller kommunale einingar og vert ikkje ført opp som tiltak i handlingsplanen.

Vurdering

Høyringsmerknadane har ikkje ført til andre endringa i plandokumentet enn dei som er gjort greie for over bortsett frå retting av skrivefeil og litt redigering. Framlegg til handlingsplan var ikkje sett opp i prioritert rekkefølje men rådmannen gjer no framlegg om følgjande prioritert handlingsplan for 2015:

1. lys stamveg (E39)
2. kvite tunnelar (fv 570, fv 379, fv 383)
3. plan for parkering ved kommunale bygg og anlegg
4. gjennomgang fartsgrense
5. fartsdumpar Ferjekaien – Varleite (fv 570)
6. trafikktilhøve oppvekstsenter i Nordbygda (fv 570)
7. bru og busstopp Matre (fv 581)
8. Einestrand og Sørkvingo (fv 570)
9. kartlegging ulukkespunkt Duesund – Steine (fv 570)
10. E39 (ferdigstilling Matre, Trodalen og Haugsvær)

I arbeidet med trafikksikringsplanen har det kome fram innspel som ikkje høyrer heime i planen men peiker på viktige vedlikehaldsutfordringar på fv 570 i Nordbygda. Planarbeidet har og vist at dette vegstrekke ikkje er rekna som del av det overordna vegnettet i kommunen. Rådmannen meiner at innspela må oversendast fylkeskommunen som rette mottakar. I tillegg bør kommunen ta opp spørsmålet om å inkluderer fv 570 i Nordbygda i det overordna vegnettet. Det er den fylkesvegen med høgast ÅDT i kommunen og det er der det er registert flest ulukker siste 10 åra. Det er viktig for kommunen at denne vegen er ein del av det overordna vegnettet då dette har konsekvensar for krav til standard og vedlikehald.

Når det gjeld farleg skuleveg, er Trodalskrysset i særstilling det farlegaste. Her må kommunen på eige initiativ vurderer korleis skulebarna skal sikrast fram til krysset er utbetra men krevja at kostnadane med sikker skuleskyss vert dekkja.

Konklusjon

Rådmannen rår Masfjorden kommunestyre til å vedta Trafikksikringsplan for Masfjorden kommune 2015-2019 med handlingsplan for 2015 slik dei ligg føre.